
Emne: Tilbakemelding på vedtak om brukarmedverknad i pågåande forvaltningsrevisjonsprosjekt Helse- og omsorgstjenesten - Rennebu kommune

Kopi: Trine Holter <trine.holter@revisjonmidtnorge.no>

Til: Torbjørn Brandt <torbjorn.brandt@konsek.no>

Sendt: 19.06.2025 13:40:52

Fra: Trine Holter <trine.holter@revisjonmidtnorge.no>

Tilbakemelding på vedtak om brukarmedverknad i pågåande forvaltningsrevisjonsprosjekt Helse- og omsorgstjenesten

Bakgrunn

I sak 11/25 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon helse- og omsorgstjenesta vedtatt av kontrollutvalet i Rennebu 26.02.25, står det i metodekapittelet at brukarperspektivet i prosjektet vil bli ivarettatt gjennom allereie eksisterande skriftleg datamateriale. Dette er f.eks. notat frå kartleggingssamtalar, journalnotat og referat frå pårørandesamtaler.

Det har i fleire år vore diskusjonar om både innhald og utforming av tenestene gitt innafor helse og omsorg i Rennebu kommune. Etter kvart har det også oppstått personkonfliktar med bakgrunn i dette. Grunngevinga for metodevalet i prosjektplanen er eit ønske om å basere analysen på eit datamateriale som i størst mogleg grad gjer det mogleg å sjå på det *overordna tenestetilbodet* i kommunen og unngå at analysen blir prega av enkeltsaker og personlege historier.

KU diskuterte på møtet 11. juni 2025 prosjektet på nytt og vedtok i sak 28/25 følgjande:

«Kontrollutvalget ber om at brukarutvalget blir hørt i den pågående forvaltningsrevisjonen og ber om en tilbakemelding fra revisor på dette».

I første vedtak frå KU står at revisjonen skal vere avgrensa til å sjå på tenestetilbodet ved sjukeheim, HDO og BOM. Brukarutval for tenesteområde sjukeheim og HDO (heildøgns omsorgsbolig) vart etablerte i 2022. Informasjon om funksjon, samansetting og mandat ligg på lenka [Brukarutvalg for sykehjem og heldøgns omsorgsboliger \(HDO\) på helsesenteret - Rennebu kommune](#). Frå 2024 har brukarutvalet hatt 11 medlemar: fire brukarrepresentantar, ein politiskar og seks representantar frå kommunen. Kommunalsjefen har frå utvalet vart etablert hatt leiarfunksjonen. Avdeling for bu og meistring har per juni 2025 ikkje noko etablert brukarutval.

Metodiske utfordringar

Revisor ser fleire potensielle utfordringar med å samle informasjon direkte frå brukarutvalet. Kommunen har eit fleirtal av medlemane i brukarutvalet. I tillegg er kommunalsjefen leiar for utvalet. Desse to forholda kan prege både arbeidet og diskusjonane i utvalet. Revisor er derfor usikker på nytteverdien av å bruke enkeltmedlemar i brukarutvalet som informasjonsleverandør. BOM har ikkje noko brukarutval og det er derfor ikkje mogleg å samle informasjon om arbeidet med brukarmedverknad på same måte.

Allereie eksisterande skriftleg datamaterialet, som for eksempel notat frå kartleggingssamtaler og notat i journal, gir informasjon om brukarmedverknad og evt. inkludering av pårørande. Denne informasjonen vil i mindre grad vere prega av personlege synspunkt enn intervjudata henta frå enkeltpersonar vil vere. Å innhente informasjon via «formelle» dokument gjer det også lettare for revisor å unngå å bli farga av enkeltsaker eller personlege historier.

Tilråding

Den faglege tilrådinga frå revisor er derfor å følgje det metodiske opplegget som er skissert i først vedtatte prosjektplan. Revisor kan, om ønskeleg, delta i ein evt. vidare diskusjon i kontrollutvalet.

Med helsing
Trine Holter
Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor

M +47 402 45 245 |



Revisjon Midt-Norge SA, Brugata 2, 7715 Steinkjer
W www.revisjonmidt norge.no | M +47 907 30 300

Revisjon Midt-Norge SA er sertifisert Miljøfyrtårn. Tenk på miljøet før du eventuelt skriver ut denne e-posten

